



**Hannblekksprutar kan
forandre utsjånad slik
at dei liknar på hoer.**

FOTO: INDEXSTOCK/GV-PRESS

Det beste sjekketrikset til blekkspruten

TEKST: NORUNN K. TORHEIM

Hannblekksprutar har funne på noko smart for å få seg damer. Det er nemleg slik at det finst i gjennomsnitt berre ei hoe per fire hannar. Det er som oftast dei store hannane som vinn kampen om damene, og dei voktar damene sine godt. Men dei små hannane har fleire triks for å få para seg med hoene likevel. Dei kan til dømes slå til når dei store hannane er ute for å hindre farar, eller når hoene er under steinar for å leggje egg.

Men ny forskning viser at det òg finst ein mykje meir utspekulert taktikk som gir resultat. Blekkspruthannane kan nemleg forandre på utsjånaden slik at dei liknar på hoene. Det gjer dei ved å forandre på fargen på flekkene sine, gøyme nokre av armane sine og forandre forma på dei armane som er synlege. Dette kan dei gjere heile ti gonger i løpet av eit kvarter. Dermed greier dei å komme seg innpå hoene utan at dei store hannane forstår kva som skjer.



Det beste sjekketrikset til blekkspruten



Hannblekksprutar kan forandre utsjånad slik at dei liknar på hoer.

FOTO: INDEXSTOCK/GV-PRESS

Det beste sjekketrikset til blekkspruten

TEKST: NORUNN K. TORHEIM

Hannblekksprutar har funne på noko smart for å få seg damer. Det er nemleg slik at det finst i gjennomsnitt berre ei hoe per fire hannar. Det er som oftast dei store hannane som vinn kampen om damene, og dei voktar damene sine godt. Men dei små hannane har fleire triks for å få para seg med hoene likevel. Dei kan til dømes slå til når dei store hannane er ute for å hindre farar, eller når hoene er under steinar for å leggje egg.

Men ny forskning viser at det òg finst ein mykje meir utspekulert taktikk som gir resultat. Blekkspruthannane kan nemleg forandre på utsjånaden slik at dei liknar på hoene. Det gjer dei ved å forandre på fargen på flekkene sine, gøyme nokre av armane sine og forandre forma på dei armane som er synlege. Dette kan dei gjere heile ti gonger i løpet av eit kvarter. Dermed greier dei å komme seg innpå hoene utan at dei store hannane forstår kva som skjer.

Oppgåve:

Forklar korleis unge blekksprutar sjekker opp damer.

